

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 04.06.2007 **Tid:** 15.00 – 18.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte alle.

Andre som var tilstade på møtet:

Administrasjonssjefen

Merknader:

Det er kome inn to bod på Frøland skule. Begge desse presenterte planane sine for eigedommen for personal- og økonomiutvalet. Kommunen vil ta stilling til evt. sal innan 13.06.2007.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. juni 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Helge Reistad spurde om arbeidet med å skaffa fram ny informasjon om barnehage på Gjerde. Det vart kort meldt attende at arbeidet vart sett i gang fredag.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Adm.sjef skal i samtale med søkjarar til stilling som leiar av teknisk eining. Avlønning i denne stillinga vart drøfta.

Plassering av midlar:

Adm.sjefen orienterte om møte med Sparebanken sin næringsavdeling.

Valinformasjon og kommunen si heimeside.

Ordføraren har fått spørsmål om dei politiske partia kan få gjera sine heimesider tilgjengeleg via kommunen si heimeside, (under område politikk/politiske parti).

Utvalet slutta seg positivt til at dette kan praktiserast på same måte som ulike lag og organisasjonar gjer det i dag.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0011/07	07/00237 TILLEGGSLØYVINGAR 2007 - VEDLIKEHALD AV KYRKJA
0012/07	07/00227 BUDSJETTENDRINGAR 2007
0013/07	05/00316 FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2007 - 2017
0014/07	06/00300 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING TILSLUTNING TIL BUSINESS REGION BERGEN (BRB)
0015/07	07/00170 EIGEDOMSSKATT - FASTSETJING AV NY FORFALLSDATOAR
0016/07	07/00233 HELSEFAGARBEIDAR - PRAKSISKANDIDATAR I SAMNANGER KOMMUNE 2007
0017/07	07/00190 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - BENTE GETZ

0011/07

TILLEGGSLØYVINGAR 2007 - VEDLIKEHALD AV KYRKJA**Framlegg til vedtak::**

Det vert løyvd kr 3.000 til vedlikehald av Samnanger kyrkje. Midlane vert ført på post 1.1300.3900.4702 og dekkja ved bruk av tilleggsløyvingar 1.1200.1800.4900.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert løyvd kr 3.000 til vedlikehald av Samnanger kyrkje. Midlane vert ført på post 1.1300.3900.4702 og dekkja ved bruk av tilleggsløyvingar 1.1200.1800.4900.

0012/07

BUDSJETTENDRINGAR 2007**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes budsjettjusteringar slik dei er lista opp i saksutgreiinga.

Vedtak:

Det vert føreteke følgjande korrigeringar på budsjettet for 2007:

Kap 1.9 + lønsauke 2007 m.v.		Budsjett	Forventa	Auka utgift reduisert innt.	Auka inntekt reduisert utg.
1.1200.1800	Diverse fellesutgifter				
4901	Forventa lønsauke	0	850 000	850 000	
1.9000.8000	Skatteinntekter				
8700	ordinær skatt	47 603 000	45 367 000	2 236 000	
8740	eigedomsskatt	6 790 000	7 238 900		448 900
1.9000.8400	Rammetilskot				
8000	rammeoverføring	33 412 000	34 225 000		813 000
8101	reform 97	150 000	161 000		11 000
8102	rentekompensasjon skule	231 000	115 000	116 000	
1.9001.8700	Renter				
5000	renteutgifter	2 574 000	2 717 551	143 600	
5002	forvaltningslån	259 000	301 637	42 600	
9000	renter fond	200 000	250 000		50 000
9001	renter arbeidskapital	500 000	800 000		300 000
9002	renter forvaltningslån	160 000	190 000		30 000

9050	utbytte BIR	50 000	60 000		10 000
1.9001.8701	Avdrag på lån				
5101	Kommunalbanken	2 569 000	2 512 200		56 800
1.9002.8800	Interne finanstransaksjoner				
9400	Bruk av disp.fondet	3 215 000	4 883 500		1 668 500
				3 388 200	3 388 200

0013/07

FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2007 - 2017

Handsaming i møte:

Ordføraren sette fram fylgjande vedtak som vart samrøystes vedteke:

Framlegg til kommuneplan for Samnanger kommune 2007 – 2017 vert godkjend.

Planen skal gåast igjennom for å retta opp språket.

Det vert løyvd inntil kr 20.000 av næringsfondet til trykking og distribuering av ein publikasjon der kommuneplanen vert presentert for innbyggjarane.

Vedtak:

Framlegg til kommuneplan for Samnanger kommune 2007 – 2017 vert godkjend.

Planen skal gåast igjennom for å retta opp språket.

Det vert løyvd inntil kr 20.000 av næringsfondet til trykking og distribuering av ein publikasjon der kommuneplanen vert presentert for innbyggjarane.

0014/07

INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING TILSLUTNING TIL BUSINESS REGION BERGEN (BRB)

Handsaming i møte:

Ordføraren sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune seier ja til å ta del i BRB (Business Region Bergen)

Storleiken på eigardelen vert teken avgjerd om seinare.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune seier ja til å ta del i BRB (Business Region Bergen)

Storleiken på eigardelen vert teken avgjerd om seinare.

0015/07

EIGEDOMSSKATT - FASTSETJING AV NY FORFALLSDATOAR

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok å endra forfallsdatoane for eigedomsskatt slik at dei er lik forfall på andre kommunale avgifter.

Vedtak:

Eigedomsskatt på verk og bruk forfell til betaling i to terminar, første termin 20.02 og andre termin 20.08.

0016/07

HELSEFAGARBEIDAR - PRAKSISKANDIDATAR I SAMNANGER KOMMUNE 2007

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune skal arbeida for å leggja forholda til rette for ufaglærte tilsette som ønskjer å ta helsefagarbeidarutdanning.

Handsaming i møte:

Utvalet slutata seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune skal arbeida for å leggja forholda til rette for ufaglærte tilsette som ønskjer å ta helsefagarbeidarutdanning.

0017/07

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - BENTE GETZ

Framlegg til vedtak::

Bente Getz får eit tilskot frå næringsfondet til oppussing og istandsetjing av driftsbygningar som er naudsynt for å i gang osteproduksjon m.m. på Tveit.

Tilskotet er knytt til søknaden dagsett 03.05.2007 og er avgrensa til 1/3 av oppgjeve utgifter på kr 160.000.

Utgiftene, inntil kr 54.000 vert å føra på post 1.1400.2835.4700.

Halvparten av summen vert utbetalt ved oppstart av tiltaket, det resterande vert utbetalt i høve til framdriften i prosjektet.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Bente Getz får eit tilskot frå næringsfondet til oppussing og istandsetjing av driftsbygningar som er naudsynt for å i gang osteproduksjon m.m. på Tveit.

Tilskotet er knytt til søknaden dagsett 03.05.2007 og er avgrensa til 1/3 av oppgjeve utgifter på kr 160.000.

Utgiftene, inntil kr 54.000 vert å føra på post 1.1400.2835.4700.

Halvparten av summen vert utbetalt ved oppstart av tiltaket, det resterande vert utbetalt i høve til framdriften i prosjektet.